



Nasjonalparkstyret
for Reinheimen

Møteinnkalling

Utvalg: Nasjonalparkstyret for Reinheimen

Møtested:

Dato: 02.12.2024

Tidspunkt: 11:00

Eventuelt forfall må meldes snarest til nasjonalparkforvalter. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

ST 54/2024 - Orienteringar

Stutte orienteringar frå forvaltarane

- Scenarioanalyse - NINA rapport
- spørsmål frå DNT-G om vintertur til Gråhø
- Vedtak i klagesak om organisert ferdsel i Breheimen NP - relevans for Reinheimen?

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 53/2024	Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 54/2024	Orienteringar		
ST 55/2024	Referatsaker		
	Lauva - synfaringssrapport - uttak av grusmasser, jf. vedtak om fysiske tiltak		2024/9143
	Flaumførebygging Finndalen		2023/14153
	Oppfordring til restriktiv praksis - Nasjonalparkstyret for Reinheimen - dispensasjoner til motorferdsel i villreinområder		2024/12843
	Strategi for bruk av ferdselstellere		2024/12400
	Vedtatt planprogram - reguleringsplan - Rauma - E136 Flatmark - Marstein - 633101423		2024/7864
ST 56/2024	Delegerte saker		
DS 57/2024	Delegert sak - Lordalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2024 - barmark - plassering av bru over Lora elv - Lurva bru - Bjørn Magnus Tordhol		2024/11464
ST 57/2024	Retningsliner for bruk av nasjonalparklogo i Reinheimen nasjonalpark - revisjon 2024		2021/2793
ST 58/2024	Dispensasjon - tillatelse til å nytte det kommersielle merket - 2025 - 2028 - Ræin AS		2024/11663
ST 59/2024	Reinheimen NP - Tafjorden-Reindalen LVO - Muldalslia NR - dispensasjon - 2026 - arrangere fjelløp - Stranda Fjord Trail Race		2024/9374
ST 60/2024	Nasjonalparkstyret for Reinheimen - midler til tiltak i verneområder - naturrestaurering - driftsmidler - SNO-ressurser - 2025		2024/12773
ST 61/2024	Nasjonalparkstyret for Reinheimen - møteplan 1.halvår 2025		2024/1431

ST 53/2024 Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar

ST 54/2024 Orienteringar

ST 55/2024 Referatsaker

Lauva - synfaringsrapport - uttak av grusmasser, jf. vedtak om fysiske tiltak

Flaumførebyggjing Finndalen

Oppfordring til restriktiv praksis - Nasjonalparkstyret for Reinheimen - dispensasjoner til motorferdsel i villreinområder

Strategi for bruk av ferdselstellere

Vedtatt planprogram - reguleringsplan - Rauma - E136 Flatmark - Marstein - 633101423

ST 56/2024 Delegerte saker

DS 57/2024 Delegert sak - Lordalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2024 - barmark - plassering av bru over Lora elv - Lurva bru - Bjørn Magnus Tordhol 2024/11464



Nasjonalparkstyret for Reinheimen

Saksframlegg

Arkivsaksnummer: 2021/2793-2

Saksbehandlar: Mari Melbø Rødstøl

Dato: 25.11.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	57/2024	02.12.2024

Retningsliner for bruk av nasjonalparklogo i Reinheimen nasjonalpark - revisjon 2024

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret vedtek å vidareføre ordninga med tilhøyrarlogo for Reinheimen nasjonalpark til kommersiell bruk. All bruk skal skje i samsvar med retningsliner for merkevaren *Norges nasjonalparker*. Nasjonalparkstyret justerer tilleggskriteria for tildeling av merket for Reinheimen nasjonalpark som vart vedteke 03.03.2021 og vedtar å følgje reviderte retningsliner for tildeling av kommersielt fom 02.12.2024.

Forslag til endingar av kulepunkt i retningslinene som vart satt 03.03.2021:

- Kulepunkt 2: Tildelinga gjeld for inntil fire år i staden for 3 år.
- Kulepunkt 4: Byte ut ordet miljøvennleg til naturvennleg.
- Kulepunkt 7: Endre tidpunkt for evaluering av retningsliner til å gjelde kvar styreperiode.
- Kulepunkt 8: Slettast.
- Nytt kulepunkt: *Bedrifta som får bruke det kommersiellet merket skal ha ein drift som samsvarar med besøksstrategien til Reinheimen Nasjonalpark.*
- Nytt kulepunkt: *Styret legg elles nasjonale retningsliner for bruk av det kommersielle merket til grunn for søknad og tildeling. Nasjonalparkstyret har delegert myndigheit til mellombels godkjenning av merket til forvaltar.*



Nasjonalparkstyret for Reinheimen

Reviderte retningslinjer for tildeling av kommersielt fom 02.12.2024:

- Tildeling av tilhøyrarlogo blir gjort av nasjonalparkstyret, etter skriftleg søknad.
- Tildelinga gjeld for inntil fire år om gongen, og kan enkelt forlengast om bedrifta framleis har aktivitet som fyller alle sentrale og lokale vilkår.
- Aktørar som får tildelt merket pliktar å halde seg orientert om relevante spørsmål som gjeld nasjonalparken, og delta på orienteringsmøte, vertskapskurs eller liknande som blir arrangert i regi eller på vegne av nasjonalparkforvaltninga eller nasjonalparkkommunane.
- Produktet/tenesta skal vere naturvennleg og skal kjenneteiknast av kvalitet, gode råvarar og godt handverk.
- Merket kan omfatte produkt som opplevingar, aktivitetar, overnatting og servering, forbruksvarer som mat og drikke, eller lokalproduserte produkt som kan knytast til verneområdet.
- Produkt som blir teken ut av nasjonalparken:
 - logo på fornybare produkter som er tillatt å høste i nasjonalparken (bær, urter, sopp osv) kan benyttet nasjonalparkens logo etter å ha fått godkjent søknad.
 - Logo på produkt av steiner, rekved, fallgevir, lav osv. som reknast som lite fornybart er ikkje tillete.
- Bedrifta som får bruke det kommersielle merket, skal ha ein drift som samsvarar med besøksstrategien til Reinheimen Nasjonalpark.
- Retningslinjer for tildeling av merket blir evaluert kvar styreperiode.
- Styret legg elles nasjonale retningslinjer for bruk av det kommersielle merket til grunn for søknad og tildeling. Nasjonalparkstyret har delegert myndigheit til mellombels godkjenning av merket til forvaltar.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Designmanual Norges nasjonalparker
- Besøksstrategi for Reinheimen nasjonalparar.



Nasjonalparkstyret for Reinheimen

Saksopplysningar

Retningsliner som vart vedtatt 03.03.20221

- Tildeling av tilhøyrlogo blir gjort av nasjonalparkstyret, etter skriftleg søknad.
- Tildelinga gjeld for inntil tre år om gongen, og kan enkelt forlengast dersom bedrifta framleis har aktivitet som fyller alle sentrale og lokale vilkår.
- Aktørar som får tildelt merket pliktar å halde seg orientert om relevante spørsmål som gjeld nasjonalparken, og delta på orienteringsmøte, vertskapskurs eller liknande som blir arrangert i regi eller på vegne av nasjonalparkforvaltninga eller nasjonalparkkommunane.
- Produktet/tenesta skal vere miljøvennleg og skal kjenneteiknast av kvalitet, gode råvarar og godt handverk.
- Merket kan omfatte produkt som opplevingar, aktivitetar, overnatting og servering, forbruksvarer som mat og drikke, eller lokalt produserte produkt som kan knytast til verneområdet.
- Produkt som blir teken ut av nasjonalparken:
 - logo på fornybare produkter som er tillatt å høste i nasjonalparken (bær, urter, sopp osv) kan benyttet nasjonalparkens logo etter å ha fått godkjent søknad.
 - Logo på produkt av steiner, rekved, fallgevir, lav osv. som reknast som lite fornybart er ikkje tillete.
- Retningsliner for tildeling av merket gjeld i første omgang til 31.12.2023. Ordninga med tilhøyrande rutinar og retningsliner skal evaluerast før eventuell vidareføring.
- Dersom ein ser behov for justeringar også før denne datoen, kan retningslinene reviderast dersom uklare punkt skulle dukke opp når ein startar å bruke ordninga.

Styret legg elles vedlagte nasjonale retningsliner til grunn for søknad og tildeling.

Nasjonalparkstyret har delegert myndigheit til mellombels godkjenning av nasjonalparkprodukt til forvaltar. Styret vil bli orientert om delegerte vedtak fortløpande

Retningslinjer fra Miljødirektoratet:

Miljødirektoratet sin Designmanual for Norges nasjonalparker opnar for kommersiell bruk av nasjonalparklogoen i visse samanhengar:

«Det er lagt til rette for at virksomheter med geografisk tilhørighet til en nasjonalpark (og i enkelte tilfeller andre verneområder) kan søke om tillatelse til å benytte et spesiallaget merke for denne merkevaren sammen med logo for egen virksomhet i markedsføringen av et produkt, tjeneste eller aktivitet. Det er laget egne merker for formålet (kommersielt merke) og det er nasjonalparkstyret (eller annen forvaltningsmyndighet) for den aktuelle nasjonalparken eller verneområdet som behandler søknaden og gir tillatelser. Styret eller forvaltningsmyndighet skal ha godkjent besøksstrategi for området.»

Designmanualen definerer rammene for korleis merket skal kune brukast:

Hvem kan bruke det kommersielle merket?

En kommersiell, frivillig eller annen type virksomhet som foregår i, eller ved en nasjonalpark. Hvis produktet som tilbys kommer fra en nasjonalpark, eller det arrangeres en aktivitet i eller ved en nasjonalpark, så er det mulig å søke om tillatelse til å bruke varemerket.

Hva står merket for?

Det kommersielle merket er utviklet for å gi en mulighet til å markedsføre en bedrift, aktivitet eller produkt i relasjon til Norges nasjonalparker, og sier noe om geografisk tilhørighet til en nasjonalpark eller et verneområde. Merket er ikke et kvalitetsstempel, og representerer ikke en godkjenning, noen form for finansiering eller annen støtte fra nasjonalparken eller forvaltningsmyndigheten. I seg selv ligger det en kvalitet i å ligge i nærheten av en nasjonalpark eller verneområde, det er dette vi ønsker at de lokale bedriftene skal kunne nyte godt av.

Hvordan kan merket brukes? Du kan eksempelvis bruke merket som klistremerker i butikkvinduer, i program eller brosjyrer, på nettsted, i e-post og på plakater. Det er ikke tillatt å bruke det kommersielle merket på reklamemateriell eller varer uten følge av virksomhetens egen logo, som f. eks. på brevhode eller på emballasjen for et produkt. Det må alltid gå klart frem hvem virksomheten bak produktet eller tjenesten er, at dette ikke er et nasjonalparkprodukt eller -tjeneste, og at det ikke er et nasjonalparkgodkjent produkt eller tjeneste. Hva er kriteriene for bruk? • Det kommersielle merket må ikke brukes på en måte som kan skade Norges nasjonalparker

omdømme, eller på en måte som strider mot nasjonalparkens- eller verneområdets retningslinjer

eller formål.

• Det er ikke tillatt å bruke merket på reklamemateriell eller varer uten følge av virksomhetens egen

logo, som f. eks. på brevhode eller på emballasjen for et produkt. Det må alltid gå klart frem hvem

virksomheten bak produktet eller tjenesten er, at dette ikke er et nasjonalparkprodukt eller -tjeneste,

og at det ikke er et nasjonalparkgodkjent produkt eller tjeneste.

• Merket skal ikke endres i form, beskjøres eller tillegges design eller egen tekst. Det er retningslinjer som beskriver riktig bruk.



Nasjonalparkstyret for Reinheimen

- Merket kan ikke selges videre eller distribueres til tredjepart.
- Ved misbruk av det kommersielle merket kan tillatelsen til bruk trekkes tilbake.

Hvorfor må det foreligge en signert avtale?

- Logoen for Norges nasjonalparker er en verdifull ressurs, og et beskyttet varemerke, dette gjelder

også det kommersielle merket.

- Det er viktig å håndheve riktig bruk til fordel for alle som ønsker å knytte sin virksomhet til Norges

nasjonalparker, og misbruk kan ødelegge verdien for alle som benytter merket. Vi ber derfor om at

det signeres en forpliktende avtale.

- Gjennom avtalen anerkjenner du kriteriene for bruk og binder deg til å bruke merket respektfullt,

hensiktsmessig og etter retningslinjene.

- Bare de som har søkt om og fått tillatelse til å bruke merket, kan gjøre det.

Designmanuale illustrerer dei ulike typane merke det kan søkjast om:

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og Nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.01.2024

Verneformål – forskrift

*Formålet med oppretting av **Reinheimen nasjonalpark** er å:*

- *ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega fjellområde*
- *ta vare på eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert biologisk mangfald*
- *ta vare på sentrale leveområde til villreinstammen i Ottadalen nord*
- *ta vare på eit viktig referanseområde for forskning med ein aust-vest gradient med stor variasjonsbreidde i vegetasjon og topografi*
- *ta vare på landskapsformer og særprega geologiske førekomstar*
- *ta vare på vassdragsnaturen i området*
- *verne om kulturminne.*

Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.



Nasjonalparkstyret for Reinheimen

Forvaltningsplan

Om reiseliv står dette i forvaltningsplana på s 44:

Området har store natur- og kulturverdiar, og kan derfor ha appell i eit marknadssegment som etterspør natur- og kulturbaserte reiselivsprodukt. Potensialet Trafikkteljningar viser at det passerer t.d. 600.000 personar/år over Trollstigen 300.000 personar/år gjennom Ottadalen .

Naturen si tålegrense i forhold til bruk kan ikkje uttrykkast ved eit absolutt målbart kriterium. Det er også avhengig av kva for mål ein har for forvaltninga av området. Leveområda for villrein er sårbare for auka ferdsel. Stadig skræming og uro vil redusere beitetida og auke energiforbruket. Delar av leveområdet kan få redusert bruk eller gå heilt ut av bruk.

Kulturminne kan også bli meir utsett ved auka ferdsel.

Ferdselsformer som kan skade naturmiljøet blir i fyrste rekkje fanga opp av reglane for motorferdsel, men også omfattande fotturisme, bruk av hest, hundekøyring og sykling kan gje skadar. Bruk av hest kan vere til nytte når det gjeld å halde oppe eksisterande råk og gamle ferdselsvegar. Opplegg som tek sikte på å kome i nærkontakt med villrein (reinsafari, ikkje jaktguiding) vil kunne medføre ulemper for villreinen når det gjeld uro og redusert bruk av område delar av området.

For å bidra til at organisert aktivitet i nasjonalparken ikkje skadar verneverdiane, er det viktig at aktørar som tilbyr organisert reiselivsverksemd har kunnskap om vernereglar og verneverdiar i områda.

Vurdering

Det kommersielle merket er utvikla for at lokale aktørar kan få høve til å marknadsføre bedrift, aktivitet eller produkt i relasjon til ein eller fleire av Noregs nasjonalparkar, og det er krav om at verksemda skal ha geografisk tilknytning til ein nasjonalpark eller eit verneområde.

Reinheimen nasjonalpark kan som følgje av godkjent besøksstrategi innføre ordninga med kommersielle logoar for lokale aktørar. Det er nasjonalparkstyret som forvaltar ordninga og som bestemmer om denne skal innførast. Eit grunnleggjande vilkår er at dei sentrale retningslinene gitt i merkevaren *Norges nasjonalparker* skal følgjast ved tildeling.

Det er opp til forvaltningsmyndigheita for det enkelte verneområde å utarbeide lokale retningslinjer for forvaltning av merket. Det er viktig å sikre at produkt og tenester som marknadsfører seg med merket har ønskt kvalitet og ikkje forringar verdien av merkevaren. Tildeling av merket bør difor vera tidsavgrensa, slik at nasjonalparkstyret kan ta ny vurdering på om aktøren/produktet til kvar tid innfrir dei gjeldande krava til merket. Det blir vist til at dei sentrale retningslinene har ei kopling mot Innovasjon Norge sine 10 prinsipp om bærekraftig reiseliv, og desse gjev ei god tolking av kva krav det er naturleg å stille ved vurdering av dei enkelte søknadene.

Det vart ved innføring av dei lokale retningslinene i 2021 satt ein frist for å evaluere desse ila 2023. Forvaltninga har utsett dette til 2024 og tar difor ei evaluering no i samband med ein regodkjenning. Det er kun to aktørar som har søkt om å få nytte det kommersielle merket til nasjonalparken og vi har ikkje merka nokon negative effektar av dette. Forvaltninga har heller ikkje jobba aktivt med å «selgje» konseptet, då det er uvisst i kor stor grad dette fremjar strategien i vårt område om å skjerme nasjonalparken for meir besøk. Slik merket er tatt i bruk i dag er ikkje dette noko problem, men forvaltar har likevel forslag om å endre nokre av kulepunktene i retningslinene:



Nasjonalparkstyret for Reinheimen

Kulepunkt 2: Tildelinga gjeld for inntil fire år i staden for 3 år. Dette for å lette saksbehandlinga og for at ordninga kan få ein evaluering i kvar styreperiode før ny tildeling blir gjort.

Kulepunkt 4: Byte ut ordet miljøvennleg til naturvennleg. Dette er eit betre ord i denne samanhengen, då ordet naturvennleg har eit fokus som rettar seg betre mot formålet med vernet.

Kulepunkt 7: Endre tidspunkt for evaluering av retningsliner til å gjelde kvar styreperiode slik at kvart styre får moglegheit til å påverke desse.

Kulepunkt 8 slettast då datoen ikkje gjeld lenger.

Det foreslås å ha inn eit nytt kulepunkt for å sikre at bedrifta kan bidra i besøksstrategien til Reinheimen NP: *Bedrifta som får bruke det kommersiellet merket, skal ha ein drift som samsvarar med besøksstrategien til Reinheimen Nasjonalpark.*

Setninga som sto under kulepunkta i det som vart vedtatt i 2021 er foreslått som eit nytt kulepunkt for at dette skal komme betre fram: *Styret legg elles nasjonale retningsliner for bruk av det kommersielle merket til grunn for søknad og tildeling. Nasjonalparkstyret har delegert myndigheit til mellombels godkjenning av merket til forvaltar.*

Med dei nye retningslinene håper vi dei aktørane som skal nytte merket ikkje vil gå på bekostning med verneverdiane i nasjonalparken, men heller vere med på å fremje forståinga for vernet.



Retningslinjer for kommersiell bruk av nasjonalparkens logo.





Nasjonalparkstyret vedtok i styremøtet 03.03.2021 å innføre ordninga med tilhørlogo for Reinheimen nasjonalpark til kommersiell bruk. I styremøtet 02.12.2024 vart ordninga evaluert og retningslinjene justert.



Kommersielt bruk av merkevara - Noregs nasjonalparkar

Det er lagt til rette for at verksemder med geografisk tilhøyrse til ein nasjonalpark (og i enkelte tilfelle andre verneområde) kan søke om løyve til å nytte eit spesiallaga merke for denne merkevara saman med logo for eigen verksemd i marknadsføringa av eit produkt, teneste eller aktivitet. Det er laga eigne merker for formålet (kommersielt merke), og det er nasjonalparkstyret (eller annan forvaltningsmynde) for den aktuelle nasjonalparken eller verneområdet, som behandlar søknaden og gjev løyver. Styret eller forvaltningsmynde skal ha godkjent besøksstrategi for området.

KOMMER FRA:	 Jostedalsbreen nasjonalpark
ORIGINS FROM:	
BOAHTÁ DÁS:	 Byrkije nasjonalpark
ORIGINS FROM:	

Eksempel på korleis ein kan bruke logoen til kommersielt bruk.



Kven kan bruke det kommersielle merket?

Ein kommersiell, frivillig eller annan type verksemd som førekjem i, eller ved ein nasjonalpark. Dersom produktet kjem frå ein nasjonalpark, eller det arrangerast ein aktivitet i eller ved ein nasjonalpark, så er det mogeleg å søke om løyve til å bruke varemerket.

Kva står merket for?

Det kommersielle merket er utvikla for å gi ein moglegheit til å marknadsføre ein bedrift, aktivitet eller produkt i relasjon til Noregs nasjonalparkar, og seier noko om geografisk tilhøyrse til ein nasjonalpark eller eit verneområde. Merket er ikkje eit kvalitetsstempel, og representerer ikkje ein godkjenning, nokon form for finansiering eller annan støtte frå nasjonalparken eller forvaltningsmyndigheten. Det er ein kvalitet berre å ligge i nærleiken av ein nasjonalpark eller verneområde, og det er dette vi ønskje at dei lokale bedriftene skal kunne nyte godt av.

Korleis kan merket brukas?

Du kan eksempelvis bruke merket som klistremerke i butikkvinduer, i program eller brosjyrar, på nettstader, i e-post og på plakatar. Det er ikkje tillat å bruke det kommersielle merket på reklamemateriell eller varer utan følgje av verksemdas eigen logo, som f. eks på emballasjen for eit produkt. Det må alltid gå klart fram kven verksemda bak produktet eller tenesta er, at dette ikkje er eit nasjonalparkprodukt eller -teneste, og at det ikkje er eit nasjonalparkgodkjent produkt eller teneste.



Kva er dei nasjonale kriteria for bruk?

- det kommersielle merket må ikkje brukas på ein måtet som kan skade Noregs nasjonalparkars omdømme, eller på ein måtet som strider mot nasjonalparkens- eller verneområdets retningslinjer eller formål.
- det er ikkje tillat å bruke merket på reklamemateriell eller varer utan følgje av verksemdas eigen logo, som f. eks. på emballasjane for eit produkt. Det må alltid gå klårt fram kven verksemda bak produktet eller tenesta er, at detta ikkje er eit nasjonalparkprodukt eller -teneste, og at det ikkje er eit nasjonalparkgodkjent produkt eller teneste.
- merket skal ikkje endrast i form. Det er retningslinjer som beskriver riktig bruk.
- merket kan ikkje seles vidare eller distribuerast til tredjepart.
- ved misbruk av det kommersielle merket kan løyvet trekkas tilbake.

Kvifor må det føreligge ein signert avtale?

- logoen for Noregs nasjonalparker er ein verdifull ressurs, og eit beskytta varemerke, dette gjeld også det kommersielle merket.
- det er viktig å håndheve riktig bruk til fordel for alle som ønskje å knytte sin virksomhet til Noregs nasjonalparker, og misbruk kan ødelegge verdien for alle som benytter merket. Vi ber difor om at det signerast ein forpliktande avtale.
- gjennom avtalen anerkjenner du kriteriene for bruk og binder deg til å bruke merket respektfullt, hensiktsmessig og etter retningslinjene.
- berre dei som har søkt om og fått løyve til å bruke merket, kan gjere det.

Kor mykje kostar det?

- Det er gratis å bruke det kommersielle merket.



Kriteria frå Reinheimen nasjonalparkstyre

- Tildeling av tilhøyrarlogo blir gjort av nasjonalparkstyret, etter skriftleg søknad.
- Tildelinga gjeld for inntil fire år om gongen, og kan enkelt forlengast om bedrifta framleis har aktivitet som fyller alle sentrale og lokale vilkår.
- Aktørar som får tildelt merket pliktar å halde seg orientert om relevante spørsmål som gjeld nasjonalparken, og delta på orienteringsmøte, vertskapskurs eller liknande som blir arrangert i regi eller på vegne av nasjonalparkforvaltninga eller nasjonalparkkommunane.
- Produktet/tenesta skal vere naturvennleg og skal kjenneteiknast av kvalitet, gode råvarar og godt handverk.
- Merket kan omfatte produkt som opplevingar, aktivitetar, overnatting og servering, forbruksvarer som mat og drikke, eller lokalproduserte produkt som kan knytast til verneområdet.
- Produkt som blir teken ut av nasjonalparken:
 - logo på fornybare produkter som er tillatt å høste i nasjonalparken (bær, urter, sopp osv) kan benyttet nasjonalparkens logo etter å ha fått godkjent søknad.
 - Logo på produkt av steiner, rekved, fallgevir, lav osv. som reknast som lite fornybart er ikkje tillete.
- Bedrifta som får bruke det kommersielle merket, skal ha ein drift som samsvarar med besøksstrategien til Reinheimen Nasjonalpark.
- Retningsliner for tildeling av merket blir evaluert kvar styreperiode.
- Styret legg elles nasjonale retningsliner for bruk av det kommersielle merket til grunn for søknad og tildeling. Nasjonalparkstyret har delegert myndigheit til mellombels godkjenning av merket til forvaltar.



Nasjonalparkstyret for Reinheimen

Søknad

Søknaden bør innehalde:

- namn på ansvarleg søkar/ leverandør med kontaktinformasjon.
- Beskriving av produktet, inkluder korleis produktet innfrir søknadskriteriene.
- Beskriving av korleis produktet skal gi info om Reinheimen nasjonalpark

Søknaden sendes til sfinpost@statsforvalteren.no

Søknadsskjema finn du her:

https://www.nasjonalparkstyre.no/uploads/files_reinheimen/Soknad-kommersielt-merke.pdf

Kontaktinformasjon Reinheimen nasjonalpark

Nasjonalparkforvaltar Kristine Sørлие

Telefon: 468 97 683 | 612 66 204
E-post: kiristine.sorlie@statsforvalteren.no
Nett: www.nasjonalparkstyre.no>reinheimen
Post: Norsk fjellsenter Lom

Nasjonalparkforvaltar Mari Melbø Rødstøl

Telefon: 911 00 829 | 612 66 205
E-post: Mari.rodstol@statsforvalteren.no
Nett: www.nasjonalparkstyre.no>reinheimen
Post: Norsk Tindesenter Åndalsnes



Arkivsaksnummer: 2024/11663-2

Saksbehandlar: Mari Melbø Rødstøl

Dato: 25.11.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	58/2024	02.12.2024

Dispensasjon - tillatelse til å nytte det kommersielle merket - 2025 - 2028 - Ræin AS

Innstilling frå forvaltar

RÆIN AS innfrir kriteria for å nytte det kommersielle merket for Reinheimen nasjonalpark og Nasjonalparkstyret for Reinheimen gir RÆIN AS godkjenning med følgjande vilkår:

- Både dei lokale retningslinjene satt av Nasjonalparkstyret for Reinheimen og dei nasjonale retningslinjer for bruk av kommersiell logo må følges.
- Løyva gjeld fram til utgangen av 2027.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad på e-post 24.10.2024.
- Styrevedtak ST 11/2021, 12.03.2021. Retningslinjer for kommersiell bruk av nasjonalparkens logo, 22.04. 2021.
- Styrevedtak ST 2021/8804: Reinheimen NP - bruk av kommersiell logo - Ræin AS.
- Styrevedtak 02.12.2024 Retningslinjer for kommersiell bruk av nasjonalparkens logo.

Saksopplysningar

Britt Walle frå Tafjord er dagleg leiar i opplevning og gaidingfirmaet Ræin AS, som har sin base i Tafjorden. Dei gaidar både utanfor og innanfor nasjonalparken. Firmaet har stor fokus på bærekraftige opplevingar som er ein del av konseptet (derav namnet Ræin). På sin nettside står det slik i beskrivinga av firmaet (<https://www.raein.no/omoss>) :

BÆREKRAFTIGE OPPLEVINGAR

I eit naturrikt land som Norge kan ein ikkje oppleve natur utan kultur, og motsatt. Takka væra lokalsamfunn, ildsjeler, bidragsytarar, besøkjande, deg og meg, kan vi i fellesskap bidra til aktivitet som bevarar vår natur og kulturarv. Vår visjon er å skape opplevingar på naturens premisser med hensynog hensikt til bevaring av naturmiljø, lokalsamfunn og kulturarv. Dette fokuset har vi i alt frå forretnings-struktur til detaljert turplanlegging.

Friluftsmiljøet har dei siste åra fått mykje kritikk rundt tema bærekraft. Eventyrlysta hos oss mennesker kjem aldri til å forsvinne, so når ein først skal ut på tur - so er det vel godt å vite at di oppleving kan gjere noko positivt?

Dei lokale retningslinene til det kommersielle merket for Reinheimen NP vart revidert på styremøtet 02.12.2024.

Reviderte retningsliner for tildeling av kommersielt fom 02.12.2024:

- *Tildeling av tilhøyrarlogo blir gjort av nasjonalparkstyret, etter skriftleg søknad.*
- *Tildelinga gjeld for inntil fire år om gongen, og kan enkelt forlengast om bedrifta framleis har aktivitet som fyller alle sentrale og lokale vilkår.*
- *Aktørar som får tildelt merket pliktar å halde seg orientert om relevante spørsmål som gjeld nasjonalparken, og delta på orienteringsmøte, vertskapskurs eller liknande som blir arrangert i regi eller på vegne av nasjonalparkforvaltninga eller nasjonalparkkommunane.*
- *Produktet/tenesta skal vere naturvennleg og skal kjenneteiknast av kvalitet, gode råvarar og godt handverk.*
- *Merket kan omfatte produkt som opplevingar, aktivitetar, overnatting og servering, forbruksvarer som mat og drikke, eller lokalproduserte produkt som kan knytast til verneområdet.*
- *Produkt som blir teken ut av nasjonalparken:*
 - *logo på fornybare produkter som er tillatt å høste i nasjonalparken (bær, urter, sopp osv) kan benyttet nasjonalparkens logo etter å ha fått godkjent søknad.*
 - *Logo på produkt av steiner, rekved, fallgevir, lav osv. som reknast som lite fornybart er ikkje tillete.*
- *Bedrifta som får bruke det kommersielle merket, skal ha ein drift som samsvarar med besøksstrategien til Reinheimen Nasjonalpark.*
- *Retningsliner for tildeling av merket blir evaluert kvar styreperiode.*
- *Styret legg elles nasjonale retningsliner for bruk av det kommersielle merket til grunn for søknad og tildeling. Nasjonalparkstyret har delegert myndigheit til mellombels godkjenning av merket til forvaltar.*

Søknaden

Frå e-posten:

Vi ønsker å søke om re-godkjenning til å fortsette å bruke kommersielt merke/logo for Reinheimen nasjonalpark. Vi ble var på at vår godkjente periode gikk ut ved utgangen av 2023, og håper vi får muligheten til å fortsette bruken. Jeg beklager at vi ikke har fjernet merket fra nettsiden vår, men håper dette går bra. Vi vil selvsagt fjerne merket dersom dere ønsker det i avvente svar.

Vedlagt har dere utfylt søknad.

Håper vi kan fortsette det gode samarbeidet rundt bruk og vern av natur.

Frå søknadsskjemaet:

Søker om re-godkjenning til å videreføre bruk av kommersiell logo/merke for Reinheimen nasjonalpark som gikk ut 31.12.2023.

Vi har eit ønske om å fortsette å bruke logoen på samme måte som tidlegare.

Det er tenkt å bruke logoen «skjer i» på turar kor vi er innanfor nasjonalparkgrensa. Aktuelle turar er lengre fot-og fjellskiturar enten hytte til hytte, eller med telt. Turar innanfor nasjonalparkgrensa vil vi avklare med nasjonalparkforvalterar før gjennomføring, samt ha tett dialog med SNO ang. Stadsobservasjonar av villrein.

Logoen «ved» ser vi for oss å bruke på aktivitetar i Tafjord-bygda, samt i generell marknadsføring av bedrifta Ræin, då vi har kontorstad og base på Tafjord kai. For mange av våre besøkande er Reinheimen ein ukjent nasjonalpark, og vi bruker derfor å formidle grunnleggande kunnskap og informasjon om nasjonalparken på turar i regionen. Spesielt er informasjonen fangstanlegg, villrein, geologi og tidligare tamreindrift i Rødalen aktuelle tema. Her er det å «oppleve utan å besøke» strategien.

Daglig leiar hos oss er framleis villreinnoppsyn i Reinheimen, og har auka sin kompetanse innan villrein. I tillegg har Ræin deltatt på møter og konferansar hvor Reinheimen er i fokus. Daglig leiar er også no representant for Fjord kommune i Villreinnemnd for Reinheimen.

Vi har sidan oppstart fortsatt å fokusert aktivitet som tek med hensyn til verneverdiar, villreinen og besøkstrategi. «Naturopplevingar på lag med forvaltninga» har blitt eit slagord for oss i både utvikling, marknadsføring, planlegging og gjennomføring. Vår formidling av har som mål å gj gjestar eit «ansvar» til naturen gjennom økt kunnskap og gode opplevingar for å skape en verdi/årsak til å ta meir naturvennlege val i kvardagen.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og Nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.01.2024

Verneformål – forskrift

Formålet med Reinheimen nasjonalpark er å ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega fjellområde, eit høgfjellsøkosystem med eigenarta og variert biologisk mangfald. Området er eit sentralt leveområde til villreinstammen i Ottadalen nord. Det er også eit viktig referanseområde for forskning med ein aust-vest gradient, særprega geologiske førekomstar, vassdragsnatur og ikkje minst kulturminne. Tilgang til naturopplevingar og friluftsliv skal skje gjennom tradisjonell ferdsel med liten grad av teknisk tilrettelegging. Formålet med vern av Romsdalen landskapsvernområde er bl.a. å ta vare på eit særprega og vakkert naturlandskap med det biologiske mangfaldet som pregar landskapet.

Naturmangfaldlova

I medhald av nml § 7, skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i nml §§ 8-12, og presedensverknad.

Presedens

I enkeltsaker som gjeld tiltak, som i denne saka, skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknande tiltak. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling.

Vurdering

Det er lagt til rette for at verksemdar med geografisk tilhøyrslø til ein nasjonalpark kan søke om løyve til å nytte eit spesiallaga merke for denne merkevara saman med logo for eigen verksemd i marknadsføringa av eit produkt, teneste eller aktivitet.

Det kommersielle merket er utvikla for å gi ein moglegheit til å marknadsføre ein bedrift, aktivitet eller produkt i relasjon til Noregs nasjonalparker, og seier noko om geografisk tilhøyrslø til ein nasjonalpark eller eit verneområde.

Nasjonalparkstyret for Reinheimen vedtok 12.03.2021 å innføre ordninga med tilhøyrarlogo og laga eigne retningslinjer for Reinheimen NP. Desse vart revidert på møtet 02.12.2024.

Bedrifta RÆIN AS søkte i 2021 om å nytte det kommersielle merket og innfridde alle kriteria som er satt både nasjonalt og nasjonalparkens eigne kriteria, som fokus på kvalitet og naturvern. Bedrifta søker no om ei regodkjenning då løyvet er godt ut.

Løyvet må vurderast mot naturmangfaldlovas §§ 8-12, jf. § 7.

Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) er vurdert som tilfredsstillande når det gjeld biologiske verdier i området. Det er gjennom naturdatabasen god oversikt over kva som kan påverke landskap, økosystem, naturtypar og artar. Når det gjeld kriteria for bruk av det kommersielle merket, har vi nasjonale retningslinjer og nasjonalparkens egne kriterie som vart satt tidlegare i år. Bedrifta Ræin as innfrir alle kriterie. Det er viktig og riktig at dei tar kontakt med SNO eller nasjonalparkforvaltar før dei går på turar inn i villreinområde for å unngå forstyrring av villrein. Førre-var-prinsippet (§ 9), § 10 "Økosystemtilnærming og samlet belastning", §11 om kostnad ved miljøforringelse skal beres av tiltakshavar og § 12 miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode er vurdert til ikkje å ikkje være relevant.

Britt Ingunn Tafjord Walle som er dagleg leiar i RÆIN AS er sjølv naturoppsyn i reinsjakt og har stor forståing for verneverdiane i nasjonalparken. Slik bedrifta utøve reiseverksemda si, vil dei kunne gje viktig informasjon om verneområda og kva som skal til for at vi skal kunne ta vare på dei. Vi ser det som positivt at bedrifta hennar, RÆIN AS, kan nytte det kommersielle merket ved logoen sin.



Arkivsaksnummer: 2024/9374-2

Saksbehandlar: Mari Melbø Rødstøl

Dato: 25.11.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	59/2024	02.12.2024

Reinheimen NP - Tafjorden-Reindalen LVO - Muldalslia NR - dispensasjon - 2026 - arrangere fjelløp - Stranda Fjord Trail Race

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i verneforskrift for Reinheimen Nasjonalpark § 3 punkt 5. 2 og verneforskrift for Tafjorden – Reindalen lvo § 3 punkt 4.2 får Stranda Fjord Trail Race dispensasjon til å arrangere eit fjelløp i traseen Heggeuraksla – Blåfjellet – Muldalsegga – Tafjordsetra Muldalen.

Dispensasjonen er gjeve med følgjande vilkår:

- Dispensasjonen gjeld for året 2026.
- Arrangøren skal sørge for at ein eller fleire peronar går over løypetraseen og plukke med seg eventuelt rot rett etter løpet, seinast dagen etter.
- Etter løpet skal arrangøren sende ein stutt skriftleg rapport om gjennomføringa av løpet, talet på deltakarar mm. til nasjonalparkstyret for Reinheimen: sfinpost@statsforvalteren.no.
- Stranda Fjord Trail Race skal informere om at det er særskild viktig med sporlaus ferdsel i dette området då fjelløpet går inn i Reinheimen nasjonalpark og Tafjorden – Reindalen landskapsvernområde (bl.a. på arrangementet si heimeside).

SNO-Reinheimen vil kontrollere at tiltaka er gjennomført i samsvar med vedtaket. Det vert gjort merksam på at arrangøren sjølv må skaffe nødvendig løyve frå grunneigar.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

Søknad på e-post frå Martin Kristoffersen i Stranda Fjord Trail Race 26.08.24.

Saksopplysningar



Figur 1: Kart som viser traseen gjennom verneområdet.

Søknaden

Vi, Stranda Fjord Trail Race er en fjelløpparrangør som har arrangert fjelløp på Stranda i 10 år. De senere årene har vi fått henvendelser fra løpere med ønske om enda lengre distanser enn hva vi har pr.dags dato. Og vi ønsker nå å starte et lengre fjelløpsarrangement hvorpå ett av løpene går fra Liabygda til Stranda.

Tanken bak arrangementet er å sette denne vakre delen av Sunnmøre og de fine bygdene som ligger rundt indre deler av Storfjorden tydeligere på kartet for folk som liker et "løpende friluftsliv". Vi tror dette arrangementet kan bli et helt unikt tilbud til løpere fra inn- og utland, være et positivt tilskudd til det som skjer for oss fastboende i indre Storfjorden og for det lokale næringslivet.

"Etappene" er som følger:

Liabygda - Valldal

*Valldal - Tafjord

Tafjord - Norddal Norddal - Eide Eide - Geiranger Geiranger - Hellesylt Hellsylt - Stranda

Vi planlegger å legge størstedelen av løypa på allerede etablerte stier, men kommer også til å være inntil skogsveier og grusveier, samt noen strekninger på asfalt.

Det er enkelte strekninger hvor vi må legge løypa utenfor etablert sti for å knytte bygdene sammen. En av disse strekningene ligger innenfor Tafjorden - Reindalen landskapsvernområde og Muldalslia naturreservat

Følgende etapper og strekninger er berørt:

***Valldal - Tafjord:** *Fra Valldal - Nysætra - Heggeruaksla - Blåfjellet - Muldalsegga - Sæternakken - Tafjordsætra - videre på tilrettelagt sti ned til Sødalsvika.*

Vi tenker at traseen ikke skal merkes, men at løperne må følge GPX fil fra klokke/gps enhet. Legger ved en gpx fil på tenkt traseé.

Vi ser for oss et tak på 200 deltakere på løpet.

Det kommer til å være fotografer med på arrangementet som også beveger seg langs med løypa. Det er meget mulig de vil ønske å benytte seg av droner for film/foto.

Men det gjelder kun på utvalgte steder som ansvarlig fotograf/videoograf får søke om tillatelse om når den tid kommer.

Dette er et ganske stort prosjekt for oss som krever mye planlegging, pga ønsker vi å gjennomføre løpet først i august 2026. Men for prosjektets fremdrift håper vi på snarlig tilbakemelding på søknaden, slik at vi kan fortsette prosessen frem mot 2026.

mvh

Oscar Almgren og Martin Kristoffersen

Stranda Fjord Trail Race

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndighet for Reinheimen nasjonalpark og tilhørende landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og Nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.01.2024.

Verneformål – forskrift

Formålet med oppretting av **Reinheimen nasjonalpark** er å:

- ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega fjellområde
- ta vare på eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert biologisk mangfald
- ta vare på sentrale leveområde til villreinstammen i Ottadalen nord
- ta vare på eit viktig referanseområde for forskning med ein aust-vest gradient med stor variasjonsbreidde i vegetasjon og topografi
- ta vare på landskapsformer og særprega geologiske førekomstar
- ta vare på vassdragsnaturen i området
- verne om kulturminne.

Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

I verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark § 3, pkt 5.2 står det at:

«Reglane i denne forskrifta er ikkje til hinder for organisert turverksemd til fots så lenge naturmiljøet ikkje blir skadelidande. Anna organisert ferdsel og ferdselsformer som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve av forvaltningsstyresmakta, jf. forvaltningsplanen.»

Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til «Oppsetting av skilt og merking av stiar i medhald av forvaltningsplanen.», jf. § 3, pkt 1.3 bokstav f).

Formålet med opprettinga av **Tafjorden-Reindalen landskapsvernområde** er å:

- ta vare på eit særprega og vakkert naturlandskap med innslag av kulturlandskap der seterhus, seterfangst og beitebruk utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart
- ta vare på eit samanhengande område varierende frå høgfjellet med leveområda til villreinen i Ottadalen langs Tafjorden
- ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer.

Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging. I verneforskrift for Tafjorden-Reindalen landskapsvernområde

I verneforskrift for Tafjorden – Reindalen lvo står det at:

All ferdsel skal skje omsynsfullt og varsamt slik at det ikkje skjer skade på landskap, naturmiljø eller kulturminne. Dyrelivet må ikkje forstyrast.

4.2. Organisert ferdsel

Reglane i denne forskrifta er ikkje til hinder for organisert turverksemd til fots så lenge naturmiljøet ikkje blir skadelidande.

Anna organisert ferdsel og ferdselsformer som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve av forvaltningsstyresmakta, jf. forvaltningsplanen.

Forvaltningsplan

I forvaltningsplan for Reinheimen s. 42 står det følgjande om organisert ferdsel:

«Organisert ferdsel er ferdsel der person, lag, firma eller liknande planlegg, koordinerer eller arrangerer turen, og det er tale om verksemd med grupper av deltakarar, ein aktivitet som blir gjenteke eller der aktiviteten er kunngjort på førehand. Utsetting av postar for turorientering, topptrim, trimpostar og liknande innafor nasjonalparken kjem også inn under organisert ferdsel. Det er søknadsplikt for anna organisert ferdsel og ferdselsformer som kan skade naturmiljøet. ... I dag er ferdsla i området avgrensa, slik at organisert ferdsel generelt ikkje er eit trugsmål for naturmiljøet. Organisert ferdsel som ikkje skadar naturmiljøet er derfor ikkje søknadspliktig, men utviklinga må følgjast nøye slik at ferdsla ikkje blir til skade for verneformålet.»

I forvaltningsplanen for Tafjorden – Reindalen står dette:

Organisert ferdsel og ferdselsformer som er til skade § 3, pkt 4.1, 4.2 Det er ikkje restriksjonar på organisert turverksemd til fots så lenge dette ikkje er til skade for naturmiljøet. All ferdsel skal skje med omsyn til landskap og naturmiljø. Organisert ferdsel er ferdsel der person, lag, firma eller liknande planlegg, koordinerer eller arrangerer turen, og det er tale om verksemd med grupper av deltakarar, ein aktivitet som blir gjenteke eller der aktiviteten er kunngjort på førehand. Utsetting av postar for turorientering, topptrim, trimpostar og liknande innafor landskapsvernområdet kjem også inn under organisert ferdsel. Det er søknadsplikt for organisert ferdsel og andre ferdselsformer som kan skade naturmiljøet. Guiding på villrein (utanom jaktguiding) vil direkte påverke villreinen sin bruk av leveområdet og vere til skade for villreinen og er ikkje tillate.

Naturmangfaldlova

Presedens

I enkeltsaker som gjeld tiltak, som i denne saka, skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknande tiltak. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling.

Vurdering

Stranda Fjord Trail Race er eit veletablert fjelløp som har tiltrekt seg løparar frå heile verda sidan første utgåve i 2015. Dei vurderer no å arrangere eit endå lengre fjelløpsarrangement, der traseen går igjennom både nasjonalpark og landskapsvernområde. Litt av bakgrunnen, skriv dei i søknaden, er å setje bygdene rundt dei indre delane av Storfjorden tydelegare på kartet.

Reglane i verneforskrifta for Reinheimen nasjonalpark og Tafjorden-Reindalen landskapsvernområde er ikkje til hinder for organisert turverksemd så lenge naturmiljøet ikkje blir skadelidande. Anna organisert ferdsel og ferdselsformer som kan skade naturmiljøet, må ha særskilt løyve frå forvaltningsstyresmakta, jf. forvaltningsplanen.

Når det er såpass mange som 200 deltakarar på løpet, og dette er eit nytt arrangement i verneområdet, vil vi behandle søknaden som ei styresak. Vi gir berre dispensasjon for eitt år i første omgang for å sjå korleis erfaringane blir etter gjennomført løp. Om det viser seg at naturmiljøet ikkje vart skadelidande, kan vi vurdere eit fleirårig løyve neste gong.

Tiltaket må vurderast mot naturmangfaldlovas §§ 8-12, jf. § 7.

Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) er godt dokumentert gjennom naturbase. Det er god oversikt over kva som kan påverke landskap, økosystem, naturtypar og artar. Arrangementet foregår i eit område der det ikkje er villrein og vil kun skape forbigåande forstyrring på naturen i området.

Kunnskapsgrunnlaget er godt og det er ikkje nødvendig å ta i bruk § 9 «føre-var-prinsippet».

Tiltaket det er søkt om har eit avgrensa omfang. Løpet skal gjennomførast i løpet av ein dag, og både tilrettelegging og uro vil vera stuttvarig og forbigåande. Med dei vilkåra som er sett er samla belastning av arrangementet og mogleg framtidig aktivitet akseptabel (jmf. § 10 Økosystemtilnærming og samla belastning).

Stranda Fjord Race er eit stort arrangement i verneområdet og ein må difor ha særleg fokus på avfallshandtering og terrengslitasje (jmf. § 11 Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar og § 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar). For å avbøte på eventuelle ulemper for verneverdiane er det vilkår om avfallshandtering og opprydding etter arrangementet, der arrangør er ansvarleg for rydding av søppel og rot.

Det er viktig med ein kontinuerleg dialog mellom nasjonalparkforvaltning og arrangør. I besøksstrategien for Reinheimen er det eit mål å auke forståinga for vernet og opplyse om verneområdet. Det er difor eit vilkår om at Stranda Fjord Race skal opplyse deltakarane på nettsida og i andre kanalar, at løpet går gjennom både Tafjorden – Reindalen lvo og i Reinheimen NP. Ein bør nytte dette til å oppfordre til ekstra varsom atferd.

Ei samla vurdering tilseier at gjennomføring av løpet ikkje vil påverke verneverdiane nemneverdig eller vera i strid mot verneformålet med dei vilkåra som er satt. Tiltaket er tidsavgrensa til ein dag og uro i verneområdet er stuttvarig og forbigåande.



Arkivsaksnummer: 2024/12773-2

Saksbehandlar: Kristine Sørli

Dato: 25.11.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	60/2024	02.12.2024

Nasjonalparkstyret for Reinheimen - midler til tiltak i verneområder - naturrestaurering - driftsmidler - SNO-ressurser - 2025

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Reinheimen vil med bakgrunn i besøksstrategien, skjøtelsesplanar, sårbarheitskartlegging, besøksundersøkingar og andre relevante utgreiingar be om at det blir utarbeidd nødvendig grunnlagsdokument og søkt om tiltaksmidlar for 2025 til følgjande tiltak:

	Namn	Tiltakstype	Verneområde
1	Skjøtsel, Sterringen i Finndalen, Bjøknesetra i Lordalen, Horgheimsetra, Vermedalssetrene, Gravdehaug og Selen i Romsdalen	Vidareføre skjøtsel- og /gjerding for bufe, No Fence, Slått og rydding, Slått og inngjerding	Finndalen Ivo Lordalen Ivo Romsdalen Ivo
2	Hovudinnfallsport Billingen	Fullføre og vidareutvikle tilretteleggingstiltak som natur- og kultursti, informasjonstiltak og organisere infrastruktur i trå med landskapsplan og kunnskap om bruk og sårbare områder.	Reinheimen NP
3	Innfallsport Kløvstigen	Fullføre og vidareutvikle informasjonstiltak som naturstiskilt/opplysningsskilt, og gjennomføre nødvendig vedlikehald og sikringstiltak på turstien.	Trollstigen Ivo
4	Hovudinnfallsport Trollstigplatået	Etablere eit samarbeid med SVV/ Nasjonal turistveg for å løyse parkeringsutfordringar og vurdere informasjonstiltak for området med normalt høge besøkstal.	Reinheimen NP Trollstigen Ivo
7	Trollveggen – Eiafossen Dønfoss Fauttjønn på Slådalen Zakariasdammen	Nødvendige avklaringar for å kunne gjennomføre fornying/vidareutvikling på etablerte informasjonspunkt, jf. Tiltakslista i Besøksstrategien	Reinheimen NP og tilhøyrande Ivo

	Lordalen – Nysetra Finndalen – Odden Norherad Lia i Lom Tunga/Sjugurdgarden Aursjoen Muldalsvika		
8	Ferdselsteljarar 4	Besøksforvaltning - oppfølging Besøksstrategi	Reinheimen NP

Nasjonalparkstyret for Reinheimen ber og om at sekretariatet melder inn behov for midlar til arbeid i nasjonalparkstyret og rådgjevande utval og nødvendige driftsmidlar i 2025:

- Driftsmidlane til nasjonalparkstyret skal kunne dekke 6 styremøte, synfaringar, elektroniske møte / møte i AU-Reinheimen, evt. nasjonalparkkonferanse/studietur. Driftsbudsjettet skal også dekke minimum eitt møte med rådgjevande utval og administrativt fagutval, og møter i samband med forvaltningsplanrevisjon.
- Midla skal og dekke vidare arbeid med revisjon av forvaltningsplan, jf. vedtak om oppstart, sak 49/2022 og innspel til oppstartsmelding, sak 44/2023 og godkjent prosjektplan:
 - Dialogmøte med kommunar og lokale aktørar.
 - Auke kunnskapsgrunnlaget, jf. pågåande arbeid med revisjon av forvaltningsplan.
 - registrere bygningar, installasjonar og kulturminne i verneområda i Naturoppdrag.
- Driftsmidla skal og dekke drift og vedlikehald av eksisterande tiltak, stiger og drift av toalett på Kløvstien, leie av domene for styret sine nettsider og drift av besøksteller.

Ønskje om tenester frå SNO:

- oppfølging av ferdselsteljarar i Trollstigen, ved Eiafossen, Slettvikane og Billingen
- supplere naturoppdrag med registrering av båtar, installasjonar, bygningar og kulturminne
- ettersyn og utskifting og supplering av løveskilt og andre informasjonsskilt
- oppfølging av tiltak på ny stig på Eiafossen
- tilsyn med pågåande skjøtselstiltak og nye tiltak, samt drift, vedlikehald og feltarbeid i Kløvstien, Eiafossen og Natur- og kulturstig på Billingen

Etter tildeling av budsjettmidlar til Reinheimen i januar/februar, vil nasjonalparkstyret for Reinheimen ta stilling til endeleg prioritering av tiltak for mogleg gjennomføring i 2024.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- E-post av 08.11.24 frå Miljødirektoratet - *Rammer og opplegg for Statsforvalteren og verneområdestyrer - innmelding av behov for midler til tiltak i verneområder, naturrestaurering og SNO-ressurser i verneområder – 2025*. Vedlegg: *- Strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder, 2020-2025*
- Klima- og miljødepartementet - *Handlingsplan for styrket forvaltning av verneområdene*
- Forvaltningsplan for Reinheimen (2010)
- Besøksstrategi i Reinheimen (2019)
- TILTAKSPLAN – REINHEIMEN, jf. besøksstrategi
- Skjøtselsplaner for verneområder knytt til Reinheimen nasjonalpark
- Sårbarhetskartlegging i Kløvstien, Eiafossen
- Sårbarhetsvurdering rovfugl/våtmarksfugl, Reinheimen 2018

Saksopplysninger

KLD sin handlingsplan for styrka forvaltning av verneområda og brev frå Miljødirektoratet med strategi og rammer for bruk av tiltaksmidlar dannar ramma for tiltak det kan søkast om. Miljødirektoratet har 08.11.24 sendt brev til nasjonalparkstyrene med rammer og opplegg for innmelding av behov for tiltak i verneområder, naturrestaurering og SNO-ressurser i verneområder i 2025.

«Elektronisk søknadssenter (ESS) skal som vanlig benyttes for å melde inn behov for midler til tiltak i verneområder og naturrestaurering, og frist for innmelding i ESS er 10. januar 2025. Innmelding av behov for SNO-ressurs skal bygge på planleggingsmøter mellom forvaltningsmyndighet for verneområdene og SNO lokalt.»

Nasjonalpark- og verneområdestyra har i fleire år meldt inn behov for midler til tiltak i ESS, og har på bakgrunn av innmeldinga fått ei rammetildeling, med rom for å disponere midlane mellom innmeldte tiltak som er innanfor postformålet til kap./post 1420.31 i statsbudsjettet og er i tråd med strategien for bruk av midler til tiltak i verneområde.

Miljørettsprinsippa gjeld for tiltak i verneområde og for naturrestaurering
De miljørettslige prinsippene (§§ 8 til 12) i naturmangfoldlovens kapittel II skal legges til grunn ved myndighetsutøvelse som berører naturmangfold. For at det skal komme frem tydeligere hvilke vurderinger som er gjort forut for søknader om midler til tiltak, skal forvaltningsmyndighetene synliggjøre vurderingene av miljørettsprinsippene ved innmelding av behov for midler til tiltak som kan berøre naturmangfold. Når en beslutning har utelukkende positiv effekt for naturmangfold, er det ikke nødvendig å bruke prinsippene. Vi ber om at det gis en kort oppsummering av vurderingen i merknadsfeltet ved utfylling av skjema i elektronisk søknadssenter og at eventuell utfyllende beskrivelse av vurderingene legges ved som vedlegg til tiltaket. Vurderingen etter prinsippene skal være forholdsmessig til tiltakets omfang og påvirkning på naturmangfoldet. I henhold til KLD sin veileder om naturmangfoldloven kapittel II, er det ikke nødvendig å henvise til hvert enkelt prinsipp, men vi ønsker at det kommer frem hvilke vurderinger som er gjort.»

Tiltak i verneområda

«Målet for bruken av midler til tiltak i verneområder er at naturtilstanden opprettholdes og bedres. Miljødirektoratet legger Strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder til grunn for tildeling av midler, se vedlegg 1. Prioriteringene i strategien skal også følges ved innmelding av tiltak.»

- - -

«Alle innmeldte tiltak skal i tillegg til verneformålet være i tråd med godkjent forvaltningseller skjøtelsesplan, besøksstrategi eller andre relevante styringsdokumenter. Tiltaksplaner i FPNV (forvaltningsplan på nett) er koblet til søknadskjema i ESS. Disse tiltaksplanene åpnes i ESS, og FPNV-tiltak velges direkte inn i søknadsskjemaet.

Det kan tildeles midler til kartlegginger og andre nødvendige utredninger som er direkte knyttet til tiltak.»

Pågående skjøtselstiltak

- Tiltak der SNO er økonomisk ansvarlig, meldes inn som enkelttiltak i ESS, og ikke som del av en ramme. - - - -

Informasjonstiltak

« - - - Alle informasjonstiltak som iverksettes skal være i henhold til merkevaren Norges nasjonalparker og være forankret i en besøksstrategi. - - - »

Driftsmidler til verneområdestyrer

Verneområdestyrene skal melde inn behov for driftsmidler over post 1420.21 i ESS. - - -

Forvaltningsplaner og bevaringsmål

Forvaltningsplaner skal utarbeides i det nettbaserte FPNV-systemet. Behov for midler til forvaltningsplaner skal meldes inn i ESS, i skjemaet Behovsinnmelding statsforvalteren.

Vi trenger å vite hva som er effekten av tiltak som settes inn, og det er derfor viktig med effektmåling av tiltak. Vi oppfordrer derfor forvaltningsmyndigheten til å etablere bevaringsmål i Naturoppdrag.

Ferdselstellere

Vi har frem til nå hatt et opplegg for ferdselstellere i verneområder der Miljødirektoratet besitter tellere, som fordeles til forvaltningsmyndighetene basert på behovsinnmelding. SNO lokalt har bistått med oppsetting og drift, samt ajourføring av databasen.

Erfaringene med dagens opplegg for ferdselstellere viser imidlertid at SNO bruker uforholdsmessig mye tid på oppfølging av tellere, og det er behov for å redusere SNObidraget grunnet begrensede ressurser. Dette betyr at forvaltningsmyndighetene kan forvente mindre SNO-bistand til tellere i felt. Vi er i ferd med å avklare opplegg for 2025, og vil komme med informasjon når dette er avklart.

For 2025 meldes behov for Miljødirektoratets elektroniske ferdselstellere inn i ESS som før. Det skal meldes inn både behov for å kunne beholde tellere som allerede er i bruk og behov for nye tellere. I kostnadsfeltet skrives kr. 1. Det er ikke ønskelig at forvaltningsmyndighetene kjøper inn tellere selv ved bruk av tiltaksmidler.

Planlegging av verneområdearbeidet

Det er viktig å sikre god dialog og forutsigbarhet i verneområdearbeidet med hensyn til prioritering av oppsynsinnsett, gjennomføring av oppdrag og oppfølging av bevaringsmål som SNO har ansvar for. Forvaltningsmyndigheten og naturoppsynet skal bruke Naturoppdrag, både i planlegging og gjennomføring av oppdrag i verneområdene.

- - - -

SNO er selv ansvarlig for å planlegge og prioritere og er økonomisk ansvarlig ved gjennomføring av egne tilsyns- og kontrolloppgaver. Det er allikevel viktig at forvaltningsmyndigheten drøfter tilsynsbehov med SNO og kommer med innspill til prioriteringer av tilsynsvirksomheten for kommende år.

- - -

Tiltaksmidlene vil bli tildelt i hovedtildelingen i februar 2025. Dersom det skulle bli behov for supplerende tildelinger senere på året, meldes behov inn på e-pos t- - -»

Forvaltarane gjennomførte møte med SNO 18. og 19.11.24 for å gå igjennom naturoppdrag, og drøfte utfordringer og behov for tilsyn- og kontrolloppgaver og feltoppgaver fra kommande år. SNO er sjølv ansvarleg for å planlegge, prioritere og være økonomisk ansvarlig ved gjennomføring av tilsyns- og kontrolloppgaver. Det er likevel viktig at forvaltningsmyndigheita drøfter behova med SNO, og kjem med innspel til prioriteringar for 2025. I tillegg kan forvaltningsmyndigheita ha behov for å få utført feltoppgaver som registreringsarbeid, bevaringsmål eller tiltak i verneområde (restaurerings-, skjøtsels- eller tilretteleggingstiltak). I den dialogen skal den digitale portalen «Naturoppdrag» nyttas både til å legge inn behov og oppdrag som grunnlag for planleggingsmøte og drøftingar.

Status og gjennomførte tiltak i 2024

Skjøtsel:

Det er gjennomført skjøtsel på Breidstulen og Sterringen i Finndalen Ivo, Bjøknesetra i Lordalen Ivo, Horgheimsetra, Vermedalssetrene, Gravdehaug og Selen i Romsdalen Ivo. Tiltaka dreier seg om å styre beiting ved bruk av NoFence på geit og på storfe, slått for å halde i hevd verdifull slåttemark og rydding og slått og for å hindre attgroing i verneområda.

Informasjon- og tilretteleggingstiltak:

1. Billingen

Ferdigstilling av sikringsarbeid i elvekant av elva Tora mot Seterpensjonat og innfallsport ble gjennomført av entreprenør Nils Bakke i januar 2024.

Praktisk stikurs i samarbeid med Miljødirektoratet på Billingen ble gjennomført 16. - 19. september. Formålet med kurset er å lære ulike metoder for å kunne ta vare på eksisterende stier i naturområda. Kurshaldare var frå SNO/ Miljødir/ Reinheimen. Det var tilsaman 20 deltakere; med forvalterar frå ulike verneområde, SNO, fjellstyrer, DNT, Skjåk Alm., Pilgrimssenter på Dovre.



Stikurset i kortversjon her: <https://www.facebook.com/reel/540309908536715>



Nedre parkering på Billingen t.v, detaljskisse utviding t.h



Parkeringsareal på Billingen ble utvida i samsvar med landskapsplan frå 2015 og etter skisse og avklaringar med grunneigar hausten 2024.

Det ble ikkje tildelt midlar til sårbarheitskartlegging på Billingen i 2024, noko som bør gjennomførast i 2025.

2. Bjorli

Mulighetsstudie 2024 -2025

Tenestekjøp av SPOR AS for å utarbeide ein kommunikasjonsstrategi for Bjorliområdet. Det skal utarbeidast ein rapport som gir forslag til korleis forvaltninga skal nå hyttefolk og besøkande i Bjorli området med informasjon. Arbeidet vil og ta med informasjonspunkt i Rånå og bygge på besøksinformasjon som er gjennomført. Tiltaket er eit samarbeid med Dovrefjell-Sunndalsfjella NP, reiseliv på Bjorli og Lesja kommune.

3. Trollveggen Eiafossen

Det ble tildelt kr. 545 000 til dette prosjektet for 2024. Etter ein tilbuds konkurranse for stiprosjektet, fordelt på to delprosjekt, fekk vi inn eit tilbod per delprosjekt. Delprosjekt 1 (anlegg med gravemaskin) kom på kr. 527 852 eks. mva, og for delprosjekt 2 (stielement) kr. 300 000 eks. mva.

I tillegg til desse delprosjekta kom innkjøp av cortenståltavlar, skilt og produksjon av natursti på om lag kr. 250 000, som gir ein førebels totalsum på kr. 1 077 852.

Det ble derfor søkt om supplerande tildeling på kr. 555 000 for å fullføre stiprosjektet (1 100 000 – 545 000 = 555 000)

Med supplerande tildeling kunne Rauma kommune inngå avtale med tilbyderane, Ny Sti til stielement og J.O. Moen for anleggsarbeidet. Tindesenteret bidreg i arbeidet med å lage natursti og innhald på plakatar.

I oktober starta arbeidet til både Ny Sti og J.O. Moen. Stitrase frå steingjerdet til undergangen, portar, trapp over steingjerdet, benk, vippeskilt og fundament til cortenstålskilt blir gjennomført våren 2025.




Svein Roger Ivarsen i Ny Sti AS som fristiller trappa ved Eiafossen.



J.O. Moen ved stistart.



Bilde t.v.: SNO sett opp gjerde. Bilde t.h.: Ferdig grusa sti på naturstien



Grunneigarane i området hadde eit ønskje om å flytte gjerdet, slik at husdyr i området ikkje vart uroa av turgåarar.

Det ble brukt midlar til å kjøpe inn nytt gjerde som SNO sette opp.

Kartet viser naturstigen. Den raude stipla lina fram til gul line har entreprenør J.O. Moen ansvar for å gruse opp.

4. Kløvstien

Tiltak som er gjort på Kløvstien i 2024 er grøfting og reparasjon av enkelte parti. Brosjyren om Kløvstien, plakatar ved start og vippeskilt kom på plass i juni. Under fjellfestivalen ble Kløvstien feira med kaffe og svele, der stidugnadsgjengen var spesielt invitert. Vi har betalt stiryddarar som har hatt driftsansvar for å vaske toalettet ved start og fyller på med dopapir. Dette har fungert bra og vi har fått fleire positive tilbakemeldingar om at resultatet ved Kløvstien har blitt veldig bra. Det står att ein del legging av kloppar og forbetringar på stien, spesielt ved Trollstigfoten. Det er planlagt å byte ut dei gamle skilta og ha vippeskilt langs heile Kløvstien. Dette arbeidet er utsett til 2025.



Foto frå feiringa under Norsk fjellfestival der ungane fekk tests naturbingoen i den nye brosjyra.



Bilete frå feiringa under Norsk fjellfestival, der grunneigar og stiryddar fortel om området.

5. Slettvikane, inkl. naturrestaurering

Oppgradering av Slettvikane ble fullfinansiert i 2024 og arbeidet starta opp i september. Slettvikane er i Besøksstrategien definert som eit Informasjonspunkt langs Fv 63. Toalett på rasteplassen ble kjøp inn og oppført i 2023 (spleiselag). MRFk har som vegeigar teke på seg driftsansvaret, og utarbeide detaljplan for rasteplassen i trå med styrevedtak. I 2024 er rasteplassen; oppgrusa, kjøp inn benker/bord, fundamentert for oppføring av skiltsystem i cortenstål. I tillegg er den stengde rasteplassen aust for Fv 63 restaurert/revegetert.



Foto t.v. ny rasteplass, t.h revegetert rasteplass

6. Andre informasjonstiltak i trå med besøksstrategien



Skiltproduksjon av små varsomhetsskilt som vist på foto t.v. Skilta skal informere besøkende i sårbare område knytt til Kløvstien og i natur- og kulturstigen på Billingen.

Informasjonspunkt ved Lesja bygdetun


Etter oppstartsmøte på Lesja Bygdemuseum 10.09.24 ble det avklart igangsetting av oppgradering og flytting av informasjonspunktet ved Lesja bygdemuseum. Det gamle skiltsystem i tre blir fjerna og informasjonspunkt ved Lesja bygdetun blir flytta lenger vest, og oppført i cortenstål. Tiltaket er i samarbeid med Dovrefjell-Sunddalsfjella nasjonalpark, Lesja kommune og Lesja Bygdetun. Trollbinde har oppdrag med å design og trykking i trå med designmanualen. I tillegg til verneområdekart skal det være informasjon kulturminne, villrein, lokale dagsturar frå Lesja sentrum, ferdselsreglar og lokal info om bygdemuseet og Lesja kyrkje.



Gamle skiltsystem som er fjerna



Nytt skiltsystem i cortenstål t.v, nytt infopunkt markert på situasjonskart t.h.



7. Formidlingsprosjekt om villrein

VR – villrein er eit prosjekt i med Norsk fjellsenter/besøkscenter som prosjektansvarleg, og i samarbeid med Norsk tindesenter, Breheimsenteret og Norsk villreinsenter. Det var gjennomført oppstartsmøte ressursgruppa i oktober og forvaltarane i Reinheimen og Breheimen er med i ressursgruppa. Prosjektet er godt i gang, og det blir utvikla manus i samarbeid med forvaltarar og villreinsenteret.

8. Ferdselsteljarar

Det var plassert ut teljarar på Kløvstien, Eiafossen og Slettvikane i 2024. Resultat frå teljinga er ikkje presentert enda. Ferdselsteljing blir vurdert som eit viktig verkemiddel for å kartleggje utviklinga av ferdsel og bruk, og for å kunne vurdere effekten av tiltak. Det var ikkje sett ut teljar på Billingen og Tordalen i 2024. Det har generelt vore utfordrande å få stabile og gode nok teljedata over tid og det blir vurdert å kjøpe inn ein nyare teller for å bruke t.d ved Billingen området neste år. Det står att ein del driftsmidlar som kan nyttast til innkjøp. Ein ny teller vil og føre til årlege driftsmidlar men det kan meldast inn som behov i budsjettposten for driftsmidlar over post 1420.21.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og Nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.01.2024.

Overordna føringar

Strategi for bruk av tiltaksmidler 2020-2025 frå Miljødirektoratet gjev m.a. følgjande føringar: «Det overordnede målet for forvaltning av verneområder er å ivareta verneformålet og verneverdiene i det enkelte verneområde. Postbeskrivelsen for post 1420.31 Tiltak i verneområde, gir viktige formelle rammer for hvordan tiltaksmidlene skal disponeres. Størrelsen på tiltaksposten avsettes i hvert års statsbudsjett - - -.

«Posten for tiltaksmidler er en statlig investeringspost for forvaltningsmyndighetenes prioriterte tiltak i verneområder. Midlene skal derfor kun benyttes til tiltak i forvaltningsmyndighetenes egen regi, ev. til kjøp av tjenester for gjennomføring av tiltakene. Midlene kan ikke benyttes som tilskudd til andre aktører. Drift og vedlikehold av infrastruktur (veier, toaletter, parkeringsplasser o.l) utenfor verneområdene finansieres ikke over tiltaksmidlene. For å kunne ivareta verneverdiene innenfor verneområder, vil det av og til være nødvendig å gjennomføre tiltak også utenfor verneområdene. Dette betinger samarbeid og avtale med grunneiere.

- - -

For å oppnå en god forvaltning av verneområder, kan det være nødvendig med generelle naturkartlegginger, sårbarhetsvurderinger, brukerundersøkelser, utarbeidelse av forvaltnings- og skjøtelsesplaner, overvåking og utarbeidelse av nettsider o.a. Slike tiltak finansieres ikke over kap./post 1420.31, men over andre budsjettposter.»

Strategien framhevar følgjande føresetnader for tildeling av midlar:

«Tiltak skal være forankret i en skjøtelses- eller forvaltningsplan, en besøksstrategi for området eller andre relevante styringsdokumenter.

I forkant av innmeldingen må formaliteter rundt tiltaket være avklart, som planavklaringer og innhenting av nødvendige tillatelser for gjennomføring av tiltaket. I tillegg må eierforhold og tilsyns-/drift- og vedlikeholdsavtaler være avklart.»

I Handlingsplan for styrka forvaltning av verneområda står m.a.: *"For større installasjoner som fugletårn mv. er det krav om en betydelig samfinansiering fra andre for å kunne prioritere tiltaket. Videre må eierforholdet og vedlikeholdsansvaret avklares på forhånd.»*

Vurdering

Det kan søkjast om tiltak til informasjon, skjøtsel og tilretteleggingstiltak som er relevante for å ta vare på verneverdiane og å leggje til rette for verdiskaping innan rammene for vernet. Dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 i naturmangfaldlovas kapittel II skal leggjast til grunn ved forvaltning og gjennomføring av tiltak, og visast ved ei konkret vurdering ved dei enkelte tiltaka i søknadsskjemaet. Alle tiltak skal vidare vera i tråd med godkjent forvaltnings-/skjøtselsplan for verneområda og andre relevante styringsdokument.

Bruken av Reinheimen og tilhøyrande landskapsvernområde varierar. I Finndalen og Lordalen Ivo er det den lokale bruken som dominerer med ei aktiv beitebruksnæring og stor mengde dyr på utmarksbeite. Dei besøkande strøymer i aukande grad til område utanfor verneområda eller i randsona til nasjonalparken. Brukarundersøkinga i 2022 syner at det er store endringar i besøkstal og type besøkjande. Utanlandske turistar strøymer til innfallsportane til nasjonalparken, og mange besøkjer området for fyrste gong. Sjølv om besøkjande frå andre land har auka, er det store forskjellar mellom dei ulike innfallsportane til nasjonalparken.

Sjølv om undersøkinga i 2022 dokumenterer at det er store endringar i besøkstal og type besøkjande, viser undersøkinga at det er utanfor eller i randsona til nasjonalparken at besøkjet aukar. Kjerneområda lenger inn i Reinheimen nasjonalpark har framleis eit urørt preg med liten grad av tilrettelegging, og få besøkande.

Skjøtselstiltak

Skjøtselsplanar i Reinheimen dannar grunnlag for gjennomføring av skjøtselstiltak i landskapsvernområda Finndalen, Lordalen, Romsdalen og Tafjord-Reindalen. Det er behov for å vidareføre skjøtselsavtaler for følgjande område:

Finndalen Ivo – Gammel Sterringen

Lordalen Ivo – Skridu, Kvannbekkmyre

Romsdalen Ivo – Horgheimsæter, Gravdehaug, Selen og Vermedalen.

Det er og vurdert å inngå nye i samsvar med tiltak i skjøtselsplanane. Vidareføring av tidlegare skjøtselstiltak er viktig for å oppretthalde kontinuerleg slått, beiting i kombinasjon med rydding, eller rydding av vegetasjon for å hindre attgroing. Kunnskapsgrunnlaget for skjøtselstiltak i verneområda er godt, og forankra i skjøtselsplanar.

Hovudinnfallsport – Billingen

Billingen er ein av dei viktigaste hovudinnfallsportane til Reinheimen. Med bakgrunn i Landskapsplan frå 2015 og etablering av informasjonspunkt, skilting og vidareutvikling av natur- og kulturstigen er det behov for tiltak. Brukarundersøking i Reinheimen i 2022 har dokumentert eit auka besøk til innfallsporten, og det er synleg terrengslitasje på deler av natur- og kulturstigen. Kunnskapsgrunnlaget for Billingen er godt, jf. Brukarundersøking i 2022 og besøkstal frå seterpensjonatet. Ei sårbarhetskartleggjing av naturstigen vil og kunne bidra til å vurdere behov for evt endring av stigen for å ta omsyn i eit sårbart område. Nødvendig vedlikehald og evt endringar av natur- og kulturstigen må gjennomførast i samsvar med ei sårbarheitskartleggjing og gode planar.

Det er også behov for ein gjennomgang av skilting for heile området i tråd med landskapsplan, og justeringar av stisystem. Informasjonsplakatar for naturreservata Einstullie og Hondsrøve er ikkje avklart. Tenestekjøp frå landskapsarkitekt for å få ein detaljplan for området ved fotopunkt og rekkverk mot Tora elv ved innfallsporten er nødvendig i 2025. Arbeid i den lokale arbeidsgruppa blir vidareført da lokale aktørar er avgjerande for planlegging og

gjennomføring av tiltak på Billingen også i 2025. Det har vore møte i den lokale arbeidsgruppa 20.11.24, der det er foreslått følgjande tiltak i 2025:

- Fullføring parkering – mur og parkeringsfelt med betongplank nedfelt i grus.
- Dialog med SVV om nytt rekkverk mot køyrebru og vegvedlikehald etter avkøyring
- Stiltak – frå Stokkebrua inn i nasjonalparkane forbi nytt stikryss inn Tordalen. Behov for avklaringar med SNO om kostnad.



Foto: Natur- og kulturstig, stikryss ny DNT sti, frå Stokkebrua

- Vidareutvikle av informasjon om naturreservat, utarbeide plan for merking av sykkelrute på eksisterande vegnett til Dønfoss – Sota Sæter, samarbeid med Breheimen og Skjåk kommune
- Planskisse for etablering av «utsiktsplattform» eller liknande ved fotopunkt mot elvene Tora og Føysa – tenestekjøp landskapsarkitekt for plan og kostnad. Utfordring med auka besøk og stor terrengslitasje.



Fotopunkt natur- og kulturstig

- Rekkverk på mur mot Tora elv - landskapsarkitekt for detaljplan mot elv, spleiselag med seterpensjonatet. Heilskapleg løysing på innfallsporten og sikring mot elv.



Sikringsmur mot Tora elv

- Stokkebru – omfattande restaureringstiltak pga råteskader. Spleiselag med DNT og Skjåk Alm. Utarbeidd tilstandsrapport og budsjett v/Stokk og Stein AS.



Stokkebrua på Billingen ved grensa til nasjonalparken

Det vil og bli meldt inn behov for SNO ressurs på tilsyn, vedlikehald og feltarbeid på natur- og kulturstien, samt utsetting og oppfølging av ferdselstiller. Sårbarheitskartlegging blir meldt inn på post 21.

Innfallsport – Kløvstien

Kløvstien er ein av dei prioriterte stiane i besøksstrategien. Kløvstien i Isterdalen vil vera utsett for flaum og skred og krev jamleg vedlikehald. I 2025 er det behov for å fullføre oppsetting av vippekilt, vegvisningsskilt og opplysningsskilt. Det skal kloppeleggast eit gjørmete parti og byggast ei grind der stien går rett ned på fylkesvegen. Det øvste partiet må og sikrast mot steinsprang.

Innfallsport Eiafossen

Med dei midlane som vart gitt i 2024 vil sjølve stien bli ferdig i 2025. Det står att arbeid med å flytte det gamle informasjonspunktet ved Trollveggen besøkssenter til nærare stigstart og lage eit nytt informasjonspunkt.

Hovudinnfallsport – Trollstigplatået

Området har normalt høge besøkstal på grunn av biltrafikken over Trollstigen langs fv 63 og anlegget til Nasjonale turistvegar. Det er parkeringsutfordringar på Trollstigplatået og langs fv 63 i turistsesongen. Området er og ein naturleg innfallsport til nokre av dei mest spektakulære fjellpartia som Trolltindane i Reinheimen nasjonalpark og Bispen, Kongen og Dronninga i Trollstigen lvo. Det er også registrert kulturminne i området. Det er behov for å markere og avgrense dei parkeringsplassane som ligg langs vegen frå Trollstigplatået og opp til Alnesreset. Det er mange bilar som parkerer langs vegen og som køyrer ut i terrenget. Nødvendige avklaringar og evt tiltak må byggje på eit samarbeid med SVV og Nasjonal turistveg.

Vedlikehaldsarbeid innfallsportar, infopunkt, trykking plakatar, brosjyrar jf.

Besøksstrategi

Det er nødvendig å melde inn samla budsjettmidlar for å dekke kostnader til utskifting av innhald på informasjonspunkt og tiltak i trå med tiltaksplan i besøksstrategien.

Informasjonspunkt som er prioritert for utskifting og fornying i 2025 er:

- Trollveggen – fjerne eksisterande skiltsystem og flytte infopunkt lenger søraust. Cortenstålskilt
- Dønnfoss – vurderer å fjerne eksisterande og erstatte med cortenstålskilt. Samarbeid med Breheimen NP og Skjåk kommune
- Fauttjønn på Slådalen – fjerne eller fornye? Avklare med Lesja bygdemuseum og kommunen
- Zakariasdammen – fornye, avklare med DNT Sunnmøre og Fjord kommune
- Lordalen på Nysetra – avklare med Lesja fjellstyre og kommunen
- Finndalen ved Odden – avklare med Finndalen fjellstyre
- Nordherad – vurdere behov med Nordheradsprosjektet og Vågå kommune
- Lia i Lom – vurdere behov med Lom kommune
- Tunga/Sjugurdgården – skifte plakatar
- Aursjoen – skifte plakatar
- Muldalvika – skifte plakatar

Sykkelsbrosjyre: Dønnfoss – Sota Sæter – Billingen – Dønnfoss, blir også vurdert i samarbeid med Breheimen under felles infopunkt Billingen.

Ferdselsteljarar

Det er behov for å følgje opp besøksstelling i verneområdet i 2024. Ferdselsteljing har etter kvart blitt eit viktig forvaltningsverktøy. Ferdselsteljingar er viktige for å vurdere utvikling av ferdsel over tid, for å dokumentere og legitimere behovet for tiltak, for å prioritere mellom tiltak og ikkje minst; for å vurdere effekten av tiltak. Det er aktuelt å melde inn behov for ferdselsteljarar i ESS for område ein ønskjer å følgje utvikling og kunne vurdere effekten av tiltak som t.d i Kløvstigen, Eiafossen, ved Slettvikane og Billingen. Det er ønskeleg å kjøpe inn ein ny teller for Billingen området som forvaltninga sjølv disponerer. Bakgrunnen er gode erfaringar med nyare teljarar og kunne ha ei føreseieleg registrering og følgje opp lang serie med teljedata på Billingen.

Driftsmidlar til nasjonalparkstyret og sekretariatet

Sekretariatet utarbeider budsjett som grunnlag for innmelding som, tidlegare år. Det blir budsjettert med minst 4 fysiske møte i nasjonalparkstyret for Reinheimen, der minimum eitt møte vert lagt opp med overnatting / synfaringar. I tillegg skal budsjettet dekke AU-møte som tidlegare etter behov, og eitt møte i rådgjevande utval, og møte i administrativt fagutval. Driftsbudsjettet skal også dekke evt. miljødirektoratet si nasjonalparkkonferanse og evt studietur dersom det blir aktuelt i 2025. Innmeldt beløp er estimert etter gjeldande satsar og erfaringstal.

Sekretariatsbudsjettet må vera på eit slik nivå at forvaltarane får utført pålagte oppgåver, i samsvar med intensjonane i forvaltningsmodellen og i tråd med styrevedtekter og instruks for forvaltarane. Forventningane om at forvaltninga skal ha god dialog med kommunar, rettshavarar, grunneigarar og andre aktørar i og ved verneområda krev at forvaltarane har ressursar til å gjennomføre nødvendige synfaringar og møte. Arbeidet med skjøtsel, tilrettelegging og oppfølging av konkrete saker krev også at ein kan vurdere tiltaka ute i felt.

Revisjon av forvaltningsplan

I samsvar med vedtak i sak 49/2022, og sak 49/2022 og godkjent prosjektplan, skal det meldast inn midlar til arbeidet med revidering av forvaltningsplan som skal kunne dekke dialogmøte med kommunar og lokale aktørar.

Oppsummering

Det er i tiltaksplanen lagt opp til at alle prioriterte innfallsportar skal ha tilrettelegging i tråd med merkevara. All tilrettelegging må vedlikehaldas og utviklast.

Det er eit kontinuerleg behov for å motverke slitasje og erosjon på tilrettelagte stigar på hovudinnfallsportar som er tilrettelagt for besøkande. Strategisk grep er å lede besøkande til randsoner og områder som toler besøk, slik som til Billingen og Kløvstien.

Med bakgrunn i besøksstrategien og besøksundersøkinga i Reinheimen (2022) satsar vi derfor på å skreddarsy lokale løysningar på innfallsportar, og legge til rette for dagsturar i randsoner på innfallsportar, utanfor nasjonalparken.

Ein må vera førebudd på å ta ut eller justere enkelte tiltak som det er søkt om når ein ser endeleg tildeling.

Styret blir og invitert til å koma med innspel når vi går gjennom tiltakslista i møtet.

Dei endelege prioriteringane for 2025 vil bli gjort i ei av ny sak til nasjonalparkstyret på nyåret, etter at tiltaksmidlane er fordelt av Miljødirektoratet for 2025.



Arkivsaksnummer: 2024/1431-38

Saksbehandlar: Kristine Sørli

Dato: 25.11.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	61/2024	02.12.2024

Nasjonalparkstyret for Reinheimen - møteplan 1.halvår 2025

Innstilling frå forvaltar

Forslag til møteplan 1.halvår 2025:

20. januar - Teams

17.mars - Teams

28. april - Teams

9.-10./ 16.-17.juni - synfaring siste del av rundtur Reinheimen aksene Lom – Slådalen – Lesja rundt inkl. styremøte

september - Fysisk møte, evt. med rådgjevande utval

desember - Teams

Justering av møteplan og plan for andre halvår skal leggast fram for styret på neste møte.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Vedtekter for nasjonalparkstyret for Reinheimen, gjeldande frå 19.01.2024

Saksopplysningar

Nasjonalparkstyret for Reinheimen hadde 8 styremøter i 2024, og 1 møte i AU. I tillegg ble det gjennomført kompetansedagar på Lillehammer 14.-15.mars.

I vedtekter til nasjonalparkstyret for Reinheimen står følgjande om møter under pkt. 5 og pkt.6.8:

«5. Om møtene i nasjonalpark-/verneområdestyret

Kommuneloven kap. 11 om saksbehandlingen i folkevalgte organer kommer til anvendelse så langt de passer, med de tilpasninger som er fastsatt i disse vedtektene. Kommuneloven kap. 8 §§ 8-1 og 8-2 gjelder tilsvarende.

Nasjonalpark-/verneområdestyret bør tre sammen minst fire ganger hvert år og ellers når lederen bestemmer. Lederen plikter å kalle inn dersom minst en tredel av medlemmene ønsker det.

Innkalling til møte i nasjonalpark-/verneområdestyret skal varsles senest 2 uker før møtet. Endelig innkalling med saksdokumentene sendes senest 1 uke før møtet. Nasjonalpark-/verneområdestyret avgjør selv om det vil ta opp eventuelle saker som ettersendes senere enn dette.

Det føres protokoll fra møtene. Protokollen underskrives av styreleder og ett medlem som velges ved møtets begynnelse. Eventuelle protokolltilførsler må fremsettes i møtet. Forvalters tilråding til vedtak skal fremgå av møteprotokollen.

For at nasjonalpark-/verneområdestyret skal være beslutningsdyktig må minimum halvparten av representantene være til stede. Vedtak fattes ved flertallsbeslutninger. Ved stemmelikhet har lederen dobbeltstemme.

6.8 Oppnevne rådgivende utvalg

Nasjonalpark- og verneområdestyret bør ha minst ett årlig dialogmøte med rådgivende utvalg.»

Vurdering

I samsvar med styrevedtektene foreslår nasjonalparkforvaltaren at det vert lagt opp til 6 styremøte i 2025, kombinert med eventuelle synfaringar, møte med rådgjevande utval eller andre relevante aktørar/tiltak og prosjekt. Det er for 2025 lagt opp til tre fysiske møter og to på teams.

Sidan vi ikkje fekk fullført heile synfaringsrunden kring Reinheimen i 2024 foreslår sekretariatet at vi fullfører rundturen i juni for å bli kjend. Vi foreslår å køyre rundt verneområdet, med stopp på nokre av dei mest sentrale innfallsportane på aksen mellom Lom – Slådalen – Lesja – Bjorli.

I tillegg vidareførast moglegheita for å kalle inn AU-Reinheimen, for å behandle saker som hastar, dersom nasjonalparkforvaltarane ikkje har vedtaksmynde, eller det av prinsipielle grunnar er nødvendig med politisk behandling. Dette er ein fleksibel løysning for å handtere saker som hastar, krev politisk behandling, og når det av praktiske grunnar ikkje er mogleg å samle heile styret.